

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2017	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	29.03.2017


Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	17/69	17/2872

## Plansak12602017000200 - detaltreguleringsplan RV 565 Tolleshaug-Soltveit - godkjenning av mindre planendring

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I samband med førebuing til utbygging av Fv 565 strekninga Marås-Soltveit i Nordhordlandspakken, er det behov for ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan. Dette grunna at den nye strekninga skal koplast midlertidig til eksisterande veg på Marås (kart). Det er difor lagt inn eit føresegnsområde i kryssområdet med tilhøyrande føresegn som skal gje heimel til å byggje slik tilpassing inntil neste delprosjekt kjem på plass.



### § 7. SPESIALOMRÅDE

#### 7.1 Spesialområde kan nyttast til:

- Privat veg
- Friluftsområde i sjø og vassdrag
- Frisiktsone ved veg
- Naturvernområde på land
- Naturvernområde i sjø og vassdrag
- Infrastruktursone

7.2 I område mellom frisiktslinja og offentleg køyreveg (frisiktsona) skal det være frisikt over ei høgd på 0,5 meter over tilstøytande vegen sitt nivå.

→ 7.3 Innanfor området infrastruktursone kan det gjerast tilpassingar på den tekniske løysinga vist i planen. Endringane skal ikkje gå utover planformål offentleg trafikkområde.

1/2-2017 vart det sendt ut ei avgrensa høyring til dei grunneigarar som er råka av endringa og dei viktigaste offentlege instansane. Det vart gjeve 3 vekers uttalefrist med frist 23/2-2017.

Desse har gjeve uttale innan frist:

Fylkesmannen i Hordaland

Har ingen merknader til endringa

Rådmannen sin kommentar: Vert teke til vitande

Statens vegvesen

Statens vegvesen har deltatt under prosessen med planendringa og har ikkje merknader til saka.

Rådmannen sin kommentar: Vert teke til vitande

Hordaland fylkeskommune

Føresegn § 2.4 viser til handtering av overskotsmassar frå utbygging, og seier mellom anna at jord frå jordbruksareal (fulldyrka og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk til jordbruksføremål. Her kan vi vise til rettleiar for offentleg forvaltning for handtering av jordbruksmassar.

Fylkeskommunen har ingen vesentlege merknader til planendringane.

Rådmannen sin kommentar: Vert teke til vitande

### **Vurdering**

Det er ingen merknader til mindre planendring og rådmannen meiner det er rett å justera planen slik at den gjev heimel til å tilpassa tilkoplinga mellom ny og eksisterande veg på Marås.  
I og med at vegutbygginga innanfor planområdet ikkje vil finna stad samstundes er det etter rådmannen si vurdering rett å gje heimel i plan til å definera infrastrukturområde for alternative løysingar inntil heile planområdet er utbygd.

I første omgang vil denne planendringa verte brukt for rundkjøyringa på Marås mellom ny og eksisterande veg. Denne planheimel kan og komma til nytte i kommande delar av prosjektet.

Planendringa vil ikkje endra planområdet og vil heller ikkje endra planføremåla. Det vert difor vurdert at endringa ikkje vil ha nye konsekvensar ut over det som er utgreidd i eksisterande plan.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at den mindre endringa av detaljplan for Fv 565 Tolleshaug – Marås vert vedteken slik at alternativ/mellombels løysing for kryss på Marås kan etablerast i samsvar med plan.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune vedtek mindre endring for detaljreguleringsplan for Fv 565 Tolleshaug-Soltveit (planID: 12602006000800) slik det er vist med omsynsone i kart (infrastrukturområde) og tilhøyrande ny føresegn §7 pkt. 3

Vedtaket er gjeve med heimel i Plan og bygningslova § 12-14

## **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 011/2017**

### **PLT - handsaming:**

Leiar teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland, orienterte om innspel i skriv frå Riksantikvaren.

### **Det vart sett fram følgjande tilleggsframlegg i møtet:**

*Hovudutvalet gjev administrasjonen delegert mynde til samstundes å foreta mindre endring av reguleringsplanen i samsvar med brev frå Riksantikvaren av 23.03.17.*

Hovudutvalet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

### **PLT - vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune vedtek mindre endring for detaljreguleringsplan for Fv 565 Tolleshaug-Soltveit (planID: 12602006000800) slik det er vist med omsynsone i kart (infrastrukturområde) og tilhøyrande ny føresegns §7 pkt. 3

Vedtaket er gjeve med heimel i Plan og bygningslova § 12-14

Hovudutvalet gjev administrasjonen delegert mynde til samstundes å foreta mindre endring av reguleringsplanen i samsvar med brev frå Riksantikvaren av 23.03.17.

### **Vedlegg:**

Plansak - planID 12602006000800 - mindre planendring detaljreguleringsplan for Fv 565 Marås-Soltveit - reviderte reguleringsføresegner

Plansak - planID 12602006000800 - mindre planendring detaljreguleringsplan for Fv 565 Marås-Soltveit - kart

C001-3 Påkobling Marås\_rundkjøring

Plansak - planID 12602006000800 - mindre planendring detaljreguleringsplan for Fv 565 Marås-Soltveit - Mindre endring av reguleringsplan

Plansak - planID 12602006000800 - mindre planendring detaljreguleringsplan for Fv 565 Marås-Soltveit - uttale

Plansak - planID 12602006000800 - mindre planendring detaljreguleringsplan for Fv 565 Marås-Soltveit - uttale